

**Handlingsplan for**

**flyktningkontor og vaksenopplæring i Seljord**

**2006 - 2008**



## Innleiing

Seljord tok imot flyktningar for fyrste gong i desember 1987. Då kom det 12 somaliske flyktningar til Seljord. Etter at disse flyktningane flytta frå Seljord, var det ikkje før i 1999 at Seljord igjen begynte å busette flyktningar. Sidan 1999 har Seljord busett flyktningar kvart år bortsett frå 2000 og 2004. Seljord har pr august 2006 teke imot 78 flyktningar

Etter ein del prøving og feiling fann flyktningkontoret ut at ein burde utarbeide ein plan for flyktningararbeid. Dokumentet skulle reviderast våren 2005. På grunn av nytilsetningar og innarbeiding av ny struktur og rutinar har ein valt å gjera dette arbeidet vårhalvåret 2006.

## Kommunens rolle og innvandraranes rettar og plikter

Lov om introduksjonsordning og norskopplæring for nykomne innvandrarak definerer ulike gruppers rett og plikt i forhold til å delta i introduksjonsprogram og norskopplæring. Kommunen har ansvaret og program/opplæring skal starte seinast 3 månader etter busetting i kommunen. Introduksjonsprogrammet går til vanleg i inntil 2 år, med mogeleg forlenging ved individuelle behov. Undervisning skal vere avslutta innan tre år.

### Flyktningar

Flyktningar som skriv under introduksjonsavtale med kommunen får introduksjonsløn lik 2G. Programmet er heilårleg på full tid. Programmet skal innehalde opplæring i norsk og samfunnskunnskap samt tiltak som skal førebu deltakaren til vidare opplæring eller yrkesaktivitet med sikte på å bli økonomisk sjølvstendig.

Flyktningar med vedtak om opphaldsløyve etter 01.09.05 har **rett og plikt** til 250 timar undervisning i norsk og 50 i samfunnskunnskap. Ved behov kan kommunen auke timetalet inntil 3000. Undervisning skjer etter sentralt vedteke læreplan. Deltakarane kan ved avslutning av kurset ta språkprøve av ulik vanskegrad. Som ledd i språkopplæringa skal deltakarane ha språkpraksis på ein arbeidsplass.

### Familiesameinte med norske borgarar

Innvandrarak som er gift med norske borgarar har same **rett og plikt** til undervisning som flyktningar, men får ikkje tilbod om introduksjonsprogram og såleis ikkje introduksjonsløn.

Alle flyktningar og familiesameinte med vedtak om opphaldskløyve i Noreg etter 01.09.05 er registrerte i **NIR** som er eit nasjonalt introduksjonsregister. Relevante opplysningar om personen som vedtak, undervisningstimetal, frammøte og liknande leggjast inn i registeret. Kommunale brukarar og IMDI har tilgang.

Vaksenopplæringa i Seljord har mot betaling teke på seg undervisning av elevar frå Kviteseid kommune som manglar vaksenopplæring.

### Arbeidsinnvandrarak

Arbeidsinnvandrarak har **plikt, men ikkje rett** til undervisning i norsk og samfunnskunnskap. Vaksenopplæringa har tilbod om undervisning av denne gruppa mot betaling.

## Slik er vi organisert

Vaksenopplæringa og flyktningkontoret er direkte underlagt leiinga i kommunen. Ein av kommunalsjefane er nærmaste overordna til alle tilsette. Flyktningkontoret har pr august 2006 ei heil stilling, vaksenopplæringa har 1,5 stillingar. Stillingane er fordelt på tre hovud i kontorfellesskap.

Skuleåret 2005/2006 har samarbeidet mellom flyktningkontoret og vaksenopplæringa vore tett. Ein utvekslar kontinuerlig informasjon om brukarane og har kvar veke møte med evaluering av arbeidet og diskusjon rundt vidare strategi.

Hovudoppgåva til avdelingane er å yte praktisk hjelp og drive rettleiing og rådgjeving overfor flyktningar og syte for opplæring i norsk og samfunnskunnskap av flyktningar og familiesameinte. Hovudmålsettinga er å gje flyktningar kunnskapar og haldningar som gjer dei praktisk og økonomisk sjølvstendige i det norske samfunnet, samt å gje alle brukarane nok norskkunnskapar til å kunne fungere best mogeleg i norsk samfunnsliv og eventuelt kvalifisere til vidare skulegang for personar over skulepliktig alder.

## Dei vi samarbeider med

Flyktningkontoret er ein koordinerande instans mellom flyktningen og det offentlege Noreg. Det inneber at vi har mange samarbeidspartnarar. For vaksenopplæringa er samarbeidet med andre instansar avgrensa til dei instansane som har noko å seie for undervisning og forvaltning.

- **UDI/IMDI** Frå og med 1. januar 2006 blei UDI delt i to. Det nye direktoratet, IMDI – Integrerings- og Mangfaldsdirektoratet, har teke over mellom anna dei oppgåvene frå UDI som har å gjere med busetting i kommunane, integrering og introduksjonsprogram, norsk- og samfunnsfagsopplæring og tilskottsforvaltning. Det betyr at IMDI er ein av dei absolutt sentrale samarbeidspartnarane for oss.
- **Sosialkontoret** er også ein sentral aktør i flyktningkontorets samarbeidsportefølje. Sosialkontoret tek seg av naudsynt økonomisk assistanse til dei flyktningar som ikkje får introduksjonsløn. Det betyr i praksis i tida frå personane kjem til Seljord og til dei får tilbod om introduksjon, maksimum tre månader. Dernest til dei som er ferdig med introduksjon og ikkje har fått seg ein sjølvstendig økonomisk plattform, samt til dei som av andre grunnar ikkje kan delta i introduksjonsprogram og som ikkje er trygda.
- **Helsevesenet** i første rekke 1.linjetenesta er ein primær samarbeidspartnar. Vi samhandlar om informasjon når flyktningane kjem hit. Vi hjelper til i kontakt mellom helsestasjon og barnefamiliar. Vi formidlar timebestillingar og rettleier i bruk av tolk.
- **A-etat** og Seljord kommune har ein spesifikk samarbeidsavtale som synleggjer ansvaret mellom partane i arbeidet ovanfor flyktningane. Avtala er på eit år og blir evaluert årleg. I evalueringa av den gamle planen blei det peika på at samarbeidet bør bli tettare med hyppigare kontakt og to formelle møter i året. Flyktningar kan bli innlemma i a-etat sitt arbeidspraksisprogram. Det inneber at ein del av introduksjonsløna dekkast av midlar frå a-etat.

- **Teknisk etat** har ansvaret for innleie og utleie av bustader til flyktningane, her under også vedlikehald, reparasjonar, og oppgraderingar.
- **Politiet** er ein naudsynt samarbeidspartnar i samband med utsteding av reisedokument og pass, fornying av opphaldsløyve. Flyktningkontoret ser også på dette samarbeidet som viktig i forhold til informasjon og opplæring i norsk lovverk.
- **Trygdekontoret** har dei same oppgåvene overfor flyktningane som det dei har overfor norske statsborgarar. I tillegg er dei ein informasjonspartnar.
- **Post og Bank** treng frå tid til annan assistanse i samband med kommunikasjon i forhold til opphenging av postkasse, oppretting av kontoar o.s.b..
- **Skule, SFO og barnehage** er viktige arenaer for borna til flyktningane. Kommunen har plikt til å sikre at alle familiar får tilbod slik at det ikkje skal være noko argument for ikkje å kunne delta på introduksjon. Samarbeidet her er av informativ-, problemløysende- og planmessig art.
- **Språkpraksisplassane** er dei viktigaste integreringsarenaene vi kan ha. Formannskapet gjorde våren 2006 vedtak om at kommunen bør vere eit forbilde med tanke på etablering av gode språkarbeidsplassar i alle etatane. Vi har plassar i kommunal regi, i fylkeskommunal regi og på private arbeidsplassar. Ein legg opp til tett oppfølging med meir rettleiing ute på språkpraksisplassane. Det er varierende i kva grad det språklege utbyttet er for deltakarane, men plassane har stor nytteverdi som aktiviseringsarena. Dessutan har dei nytte som integreringsarena.
- **Raude krossen** driv med leksehjelp, flyktningguide, sosiale turar og aktivitetar som er med på å gje flyktningane eit betre innhald i det nye livet sitt, lette integrering, betre norskinnlæringa og auke forståinga mellom nordmenn og flyktningar. Raude krossen er dessutan ein aktiv støttespelar for Seljord internasjonale foreining og dei hev gjeve støtte til flyktningane sine kulturarrangement i Seljord.

## Problemområde og kva vi vil gjere

### Kvalifisering til arbeid

Våren 2006 vedtok formannskapet at det er ei målsetting at flyktningane skal busette seg permanent i Seljord.

Flyktningane som kjem til Seljord har mista eller reist frå dei fleste eigedelane sine og har ynskje om hurtig tilegning av materielle gode, samt best mogeleg utdanning for barna sine. Vegen til auka levestandard er lønsinntekt og dei fleste ynskjer løna arbeid ved sida av introduksjon på full tid. Etter introduksjonsprogrammet er dei fleste svært utålmodige etter å skaffe seg lønsinntekt, primært fast arbeid. Også innvandrarak som er gift med nordmenn har sterkt ynskje om arbeid for å auke sjølvrespekten og fordi arbeid er beste middel for å unngå sosial isolering.

Fleirtalet av flyktningane som har flytta frå Seljord har gjort dette nettopp fordi dei har klart å skaffe seg jobb andre stader. Når det gjeld barnas skulekarriere er Seljord vel plassert med gode tilbod om vidaregåande skule i eigen kommune og i nabokommunar og høgskule i Bø og Notodden.

Våren 2006 gjorde formannskapet vedtak om å greie ut om Seljord Personal bør spele ei rolle i arbeidet med flyktningane. Samarbeid hadde til da vore ikkje-eksisterande. Etter to fellesmøte ble konklusjonen at både Seljord Personal og Flyktningkontoret/Vaksenopplæringa vil kunne få nytte av å utvikle eit samarbeid ettersom alle arbeider med arbeidskvalifisering. Ein har også prøvd seg fram med samarbeid om konkret opplegg for ein person. Det vil vere ein vinn vinn situasjon dersom Seljord Personal får inntekter frå arbeid ein flyktning gjer, samstundes som flyktningen får god språkpraksis og seinare arbeidspraksis

Alle tilsette ved Seljord Personal og flyktningkontor/vaksenopplæring opplever sin eigen arbeidssituasjonen som misforhold mellom arbeidstid ein har til disposisjon og omfanget av arbeidsoppgåver ein håper å utføre. Staten legg stadig ut prosjektmidlar som lokkemat for å få institusjonane til å drive nybrottsarbeid. Dette er bidrag som mellom anna kan nyttast til auka stillingsprosentar i prosjektperioden. Som eit tiltak for å utvikle samarbeid har Seljord Personal og Seljord flyktningkontor/vaksenopplæring vore på ekskursjon til Nopro på Notodden.

#### **TILTAK**

- 1. Vi arbeider for å vidareutvikle samarbeidet med Seljord Personal med formål å skape gode arbeidspraksis- og språkpraksis plassar for flyktningane, og skape ein god arena der flyktningar og nordmenn kvalifiserast integrert.*
- 2. Vi freistar å skaffe midlar til og gjennomføre eit prosjekt i samarbeid med Seljord Personal med tanke på å vidareutvikle kvaliteten på arbeidet med arbeidskvalifisering.*
- 3. I samband med evaluering av samarbeidsavtalen med a-etat vil vi vurdere alle sider ved samarbeidet med tanke på endring av praksis eller iverksetting av nye tiltak.*

#### **Norskopplæring**

Elevgruppa er sett saman av elevar på svært ulike nivå. Nokre kan 10 ord norsk når dei begynner, nokre kan gjere seg noko forstått. Nokre har universitetsutdanning frå heimlandet, andre er tilnærma analfabetar. Nokre snakkar flytande engelsk, andre er blanke. Nokre lærer fort, andre svært seint. I ei slik gruppe blir kravet til undervisningsorganisering stort. Behovet for lærarressursar er større enn om gruppa hadde vore meir homogen. Kva elevtalet blir i framtida er dessutan vankeleg å seie ettersom ein ikkje har oversyn over kor mange seljordingar som kjem til å gifte seg med utlendingar som dermed får rett og plikt til norskopplæring.

Trass i stor prinsipiell iver etter å lære norsk, manglar mange flyktningar og inngifta forståing for kva for konsekvensar dette burde få med tanke på eigeninnsats og strategi. Deltidsarbeid i tillegg til fullt introduksjonsprogram, traumatiske hendingar i kofferten og varierende helse gjer at mange går på norskkurs utan overskot. Mange kjem dessutan frå skular i heimlandet der lærarane er autoritære, der skulen ikkje er oppteken av elevens eige ansvar for læring, ikkje er oppteken av å lære evne til kritisk tenking og samarbeid, men vektlegg innlæring av faktakunnskapar.

Praktisering av norsk er ein viktig føresetnad for å lære språket. Barna til innvandrarane lærer språket raskt fordi dei er saman med norsktalande barn. Foreldra er nokre timar på norskkurs og snakkar morsmålet med ektefellen når dei er heime og ser på TV frå heimlandet. Inngifta pratar ofte engelsk med ektefellen. For å skunde på innlæring av norsk er det viktig at elevgruppa i fleire samanhengar enn på skulen møter norsk i praksis. Gjennom språkpraksis møter eleven dialekt og skaffar seg nettverk og kunnskapar om norsk arbeidsliv. Dei blir kjent med arbeidsplassar i lokalmiljøet og vil gjennom godt inntrykk kunne auke sjansane til arbeid seinare. For inngifta har ein ikkje sett seg i stand til å hjelpe til med å skaffe språkpraksisplassar.

Kommunane har valt ulike strategiar når det gjeld å lære elevane norsk på ein best mogeleg måte. For best mogeleg utnytting av timane er det i dei fleste tilfella fornuftig å ikkje kjøre for konsentrerte kurs. Effekten av kvar lærartime blir størst dersom eleven innimellom undervisningstimane får tid til sjølvstudium og å bruke språket i praksis. Normalt norsktimetall hos oss er frå 6 til 12 timar i veka. For meningsfullt innhald i alle 37,5 timane i veka er språkpraksisplassar og andre arenaer der ein bruker norsk viktig.

Mange i deltakargruppa kjem frå land der synet på kvinner er i strid med norsk kultur og lovgiving. Dei tilsette ved flyktningkontoret og vaksenopplæringa er rolleførebilete. Det er ynskjeleg at dei tilsette ved avdelingane representerer begge kjønn. Det er også eit problem at kvinnelege flyktningar har svangerskapspermisjon når dei kjem til Seljord eller går i perm kort tid etter. Kvinnene blir sitjande heime med svært liten kontakt med nordmenn og norskopplæringa må vente.

Å vere innbyggjar i Seljord medfører at du bør ha førarkort for bil. Flyktningar som reknar seg som gode bilførarar i heimlandet risikerer å få ikkje bestått i Noreg når dei skal konvertere førarkortet. Erfaringsmessig blir det dessutan svært dyrt for innvandrarar som ikkje har førarkort frå tidlegare å ta dette i Noreg på grunn av mange kjøretimar og problem med å klare teorikurs. For å gjere det enklare kan ein ha trafikk som emne på norskkurset. Dessutan gir kontoret eit mindre tilskott til nytt førarkort. Undervisning i trafikk er også viktig fordi dei vaksne skal lære barna sine å ta seg trygt fram til skule og fritidsaktivitetar.

#### **TILTAK:**

- 4. Testresultat ved språkkurs 2 og 3 for elevar ved Seljord vaksenopplæring skal vere betre enn landsgjennomsnittet i perioden 2006-2008.*
- 5. Trafikkunnskap etablerast som emne på norskkurset.*
- 6. Vi etablerer ei undervisningsgruppe med kvinneleg leiar for mødrer som ikkje går på norskkurs, til dømes 2 timar 2 dagar i veka.*
- 7. Vi vil sikre tilgang til tilstrekkeleg tal på språkpraksisplassar i kommunal regi.*

#### **Tal på flyktningar**

Kommunen mottok integreringstilskot for flyktningar dei fyrste fem åra etter busetting. Dersom talet på flyktningar som bur i Seljord går ned, får kommunen mindre inntekter. Dersom ein flyktning flyttar til ein annan kommune før dei fem åra er gått, får den nye kommunen tilskotet frå staten. Dei to åra flyktningen er i introduksjonsprogram betaler kommunen introduksjonslønn til flyktningen og kommunen må subsidiere. Dei to-tre siste åra vi får tilskot er viktige ettersom flyktningen da skal tene pengar til livsopphald sjølv og ikkje få introduksjonsløn.

Endringar i talet på flyktningar får direkte konsekvensar for inntektssida. Det er såleis viktig å halde talet på flyktningar stabilt og tilpassa utgiftsida og å bruke ressursane slik at deltakarane

blir økonomisk sjølvstendige så snart som råd. Her er det samanfallande interesser mellom omsynet til økonomi og flyktingens livskvalitet. Kortvarig nedgang i talet på flyktingar kan ikkje kompenseras ved reduksjon på utgiftssida på kort sikt.

Kvaliteten på arbeidet ved dei to avdelingane kan speglast av gjennom kor godt flyktingar og andre innvandrarak blir integrerte. Godt utført arbeid vil også resultere i at flyktingar etter introduksjonsprogrammet går over i arbeid og blir økonomisk sjølvstendige. Erfaringane frå kommunane syner at dei kommunane som tenkjer utradisjonelt får best resultat. På kva måte integreringstilskotet frå staten blir brukt er avgjerande for om resultatet blir vellukka.

#### **TILTAK:**

8. *Seljord kommune skal ha eit stabilt tal på flyktingar i perioden 2006-2008.*
9. *Flyktingkontoret og Vaksenopplæringa gjer eit grundig arbeid i samband med budsjettarbeidet for 2007 med tanke på eventuelle justeringar i ressursbruken.*

#### **Helse**

Samarbeid med helsesenteret er viktig for flyktingane som ofte har helseproblem. Her er det eit forbettringspotensial.

Mange flyktingar er i svært dårleg fysisk form. Dei mosjonerer lite og mange er overvektige. Dei er på skulen heile dagen og har dårleg niste. Mange har av ulike årsaker plager som hovudpine, mageproblem med meir.

#### **TILTAK:**

10. *Gjennom undervisning og mødregruppa motiverer ein flyktingane til ein sunnare livsstil og gjennomfører tiltak kombinert med sosiale aktivitetar.*
11. *Vi involverer kommunalsjefen for helsesektoren i arbeidet med å få samarbeidet med fyrstelinetenesta for helse til å fungere betre.*
12. *Vi implementerer overvektige kvinnelege flyktingar i helsesenterets program for overvektige.*

#### **Etnisk balansering**

Samanblanding av menneske frå ulike kulturar med ulike språk syner seg å vere gunstig med tanke på effektiv norskinnlæring. Det kan få negative konsekvensar med tanke på integreringsarbeidet dersom ein nå tek imot for mange personar med same bakgrunn. Det har elles vore positivt for undervisningsmiljøet at ein har hatt inngifta innvandrarak og arbeidsinnvandrarak med anna kulturell bakgrunn.

#### **TILTAK:**

13. *Vi vil arbeide for å busette eit breitt etnisk mangfald.*

#### **Struktur**

Erfaringane med det tette samarbeidet mellom Vaksenopplæring og Flyktingkontor er svært gode. Ein bør sikre at dette vil gjelde også i framtida uavhengig av kven som til einkvar tid er tilsett. Det er også viktig at ein har ansvarleg person ved kontoret som syter for kontinuitet med planarbeid og anna type samarbeid som til dømes samarbeidsprosjektet med Seljord Personal.

**TILTAK:**

- 14. Ein vurderer organisatorisk samanslåing av vaksenopplæring og flyktningkontor. Avdelinga får ein leiar underlagt kommunalsjefen og felles budsjett*

**Folk treng hus**

Tilfredsstillande husvære for flyktningar som kjem til Seljord er kommunen sitt ansvar. Ein må sikre seg at husværet ligg slik plassert at det er gangavstand eller tilstrekkeleg kollektivtransport til at flyktningen kan delta i obligatoriske aktivitetar. Bustadmarknaden i Seljord tilseier at ein berre i svært avgrensa omfang kan ta mot einslege flyktningar. Nykomne flyktningar disponerer kommunens bustad den tida dei deltek i introduksjonsprogrammet. Etterpå skal dei over i den private bustadmarknaden. Kommunen skal syte for at det er tilstrekkeleg tilgang til bustader slik at busetting ikkje blir unødig forsinka i forhold til politiske vedtak i kommunen og tildeling frå IMDI. På den andre sida kan ikkje kommunen av økonomiske omsyn sitje på bustader særleg lenge utan å bruke dei

**TILTAK:**

- 15. Ein tek initiativ til å få utarbeidd sjekkliste over kva ein skal kontrollere før innflytting i kommunal disponert bustad, kven som er ansvarleg samt kort standardnorm..*

**Gagnlege samfunnsmenneske**

Flyktningane og familiesameinte innvandrara får opplæring i norsk lovverk, velferdsordningar som sosiale tenester, trygder og ymse regelverk på alle tenkjelege felt. Dette skjer på norsk kurs og i andre aktivitetar knytt til introduksjonsprogram. Ein legg vekt på at innvandrara på lik line med nordmenn ikkje tek snarvegane til høgare levestandard og livskvalitet, men følgjer alle lover og reglar som gjeld i samfunnet. Diverre opplever ein at dette blir motarbeidd av enkeltpersonar som tilbyr til dømes svart arbeid eller dei får idear i andre nettverk om kjøp av falske førarkort, trygdemisbruk etc.. Politiet er ein viktig samarbeidspartnar som vi har gode erfaringar med. Samarbeidet med trygdekontoret har forbettringspotensiale.

Ein har diskutert NAV og konkludert med at ein ikkje ynskjer å gå inn i NAV på grunn av mange uavklara spørsmål, fordi sosialtenesta i kommunen ikkje meiner det vil skape problem om dei går inn og ikkje vi. Dessutan vil vår samarbeidspartnar Seljord Personal stå utanfor.

**TILTAK:**

- 16. Vi vidareutviklar samarbeidet med politiet som også trekkjast inn i undervisninga i samfunnskunnskap.*  
*17. Vi tek initiativ til møte med trygdekontoret for å utvikle betre samarbeidsrutinar.*

**Mottak av nye flyktningar**

Mottak av flyktningar er arbeidskrevjande med mange praktiske, formelle og informative oppgåver. Flyktningane skal aktiviserast etter oftast lite innhaldsrik periode i mottak og språkkunnskapane er oftast svært små. Det er praktisk og sikrar kvaliteten at flyktningen har ein plass å gå til den fyrste tida.

**TILTAK:**

- 18. Flyktningkontoret koordinerer alle vedtak som gjeld flyktningar frå innflyttingsdato til oppstart av introduksjonsprogram.*